



SELJE KOMMUNE

Ordfører

Sakshandsamar:

Stein Robert Osdal

Sogn og Fjordane fylkeskommune V/Hovudutval for samferdsel

Dykkar ref.

Vår ref.

14/213-14/FA-U00

Dato:

01.08.2016

Invitasjon til Selje - Hovudutval for samferdsel

Selje kommune har eit ønske om å invitere hovudutval for samferdsel til møte i Selje hausten 2016 eller våren 2017.

Formålet med invitasjonen er å gje god informasjon om viktige samferdselsprosjekt i Selje, særleg med fokus på veg og Stad skipstunnel.

Vegstandaren i Selje er utfordrande og næringslivet, pendlarar og tursimen slit under dette. Selje kommune ser det som viktig at hovudutvalet har god kjennskap til denne utfordringa.

Selje kommune er vertskap for Stad skipstunnel og dette prosjektet vil skape nye moglegheiter for kystregionen i Sogn og Fjordane. Vi har ein unik sjanse til å få verkleggjort målsettinga om å flytte gods frå veg til kjøll. Tunnelmassane vil gje regionen nye viktige industriområder som kan styrke Sogn og Fjordane inn imot bruken av havrommet.

Andre saker kan og vere aktuelle å informere om men dette kan vi kome tilbake til ved planlegging av møte her ute.

Selje kommune ved ordfører vil gjerne vere vertskap for hovudutvalet og vil legge til rette for at hovudutvalet får gode råmer for gjennomføring av sitt møte her ute i havgapet.

Med helsing

Stein Robert Osdal
Ordfører

